



Øystre Slidre kommune



2.tertial rapport 2023

https://pub.framsikt.net/2023/oystre-slidre/mr-202308-2tertial_2023/

Framlagt av kommunedirektøren 12. oktober 2023

10 på topp

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Nedanfor fylgjer dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden. Utviklingsområda vil bli prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmiddel i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane. Nedanfor fylgjer kommentar om status per 2. tertial 2023.

- Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø og store nok stillingsprosentar. Vi skal innan juni 2023 lage plan for auka arbeidsnærvær/redusert sjukefråvær i heile organisasjonen, og starta gjennomføring av planen.

Vi har analysert og gått gjennom resultatane frå begge medarbeidarundersøkingane, dvs HMS-undersøkinga og 10-faktor undersøkinga. Undersøkingane er blitt gått gjennom avdelingsvis, for å finne innsatsfaktorar for kvar einiskild arbeidsstad. Det er sett i verk fleire tiltak for å betre arbeidsmiljøet. Oppfølging av medarbeidarundersøkingane var tema på leiarseminaret i august og har vore tema for alle tenesteeiningane på dialogmøta, og det blir laga oppfølgingsplanar for alle einingane.

I første tertial er det gjennomført analyser av sjukefråværet og det er laga plan for redusert sjukefråvær. Planen er handsama i arbeidsmiljøutvalet i junimøtet og kommunedirektøren orienterte kommunestyret om planen i juni. Kommunedirektøren har vedteke planen. Følgjande tiltak blir sett på som prioriterte tiltak for heile organisasjonen, og blir sett i verk:

- Leiarutvikling
- Opplæring av både leiarar, tillitsvalde og tilsette i gjeldande rutinar
- Kartlegging av årsakene til sjukefråværet
- Oppfølging av arbeidstakarar med særleg høgt fråvær
- Haldningsskapande arbeid

Følgjande tiltak vil bli vurdert i samband med økonomiplanen for 2024-27:

- Gjennomgang av leiarstruktur/leiarressursar
- Arbeidet med vikarinnleige
- Vurdering av grunnbemanning/«faste vikarordningar»
- Styrking av stab/støttefunksjonar
- Vi skal følgje opp oppvekstplan og oppvekstløftet i Valdres ved tidleg innsats og ved å styrka det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.

Vi har følgd opp oppvekstplanen med ei rekke tiltak:

- Den er med på å ivareta god samhandling både internt og eksternt, og vi har god dialog med tenestene og fagmiljøa om god samhandling. Arbeidet må fortsette over tid for å bidra til god kvalitet på tenestene vi gir.
- Vi sikrar at heimar har tilbod om støtte i foreldrerolla ved at grunnskulen har samkøyrte foreldreskule i kommunen, flyktningefamiliar får foreldrerettleggskurs på sitt morsmål som ein del av introduksjonsprogrammet og ved at vi har førebudd og startar opp med foreldreskule i barnehagane i januar 2024.
- Helsestasjonen har tilbod om ulike kurs innanfor foreldrerolla, både på gruppenivå og individnivå. Det er nedsett ei arbeidsgruppe som arbeider med plan for språkopplæring og integrering av framandspråklege i skulen. Målet er at planen er ferdig i løpet av 2023.

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

- Vi har fått tilskot til inkludering av barn og unge, lokal aktivitetskasse. Denne ordninga vil vera eitt av tiltaka for å gje alle barn og unge høve til å vera med på aktivitetar på fritida. Vi har hatt møte med frivillige lag og organisasjonar om korleis støtteordninga kan nyttast for å oppnå føremålet.
- For å sikre kompetanse på korleis ein skal kunne avdekke omsorgssvikt og seksuelle overgrep har NOK-senteret på Gjøvik opplegg saman med elevar og personalet som eit systematisk tiltak. Barnevernet er tettare inn i skule og barnehage for å kunne vera med å heve kompetansen til tilsette.
- Vi har intern opplæring i kommunen mellom anna innanfor tilknytningskompetanse og gode analyseverktøy. Dette skal vera ei hjelp til korleis vi kan møte ulike utfordringar mellom anna i skulen.

I Oppvekstløftet har vi hatt og har fokus på koordinatorrolla og organsinsering av samhandling. PPT-Valdres får støtte i utviklingsarbeidet frå Høgskulen Innlandet i 2023. Det er no eit fokus på å få oppvekstløftet og utviklingsarbeidet i interkommunalt barnevern til å utfylle kvarandre.

- Vi skal busetja inntil 60 flyktningar i 2023 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet.

Til no i 2023 har vi busett totalt 43 ukrainske flyktningar, alle frå Ukraina. Vi planlegg for busetting av 17 flyktningar resten av året, og har tilgjengelege bustader for det. Det er kome fleire vaksne enn vi hadde forventa ut i frå signal frå IMDI.

Vi har no 60 elevar i vaksenopplæringa, nokon deltek på introduksjonsprogrammet og nokon har norskopplæring. Vi gjer eit større arbeid rundt kartlegging og rettleiing i samarbeid med NAV. Dette arbeidet vil gå føre seg ut over hausten med mål om sysselsetting for den enkelte.

- Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen.

Formannskapet handsame dei litt over 100 innspela til planarbeidet i juni-møtet. Administrasjonen arbeider vidare med fleire arbeidsoppdrag frå formannskapet og vil legge våre vurderingar fram for formannskap i løpet av hausten. Siktemålet er å ha klart eit utkast til revidert arealplan for høyring i formannskapsmøtet i januar. Med nytt formannskapet etter valet, må vi også nytte tilstrekkeleg tid i formannskapet med gjennomgang av revidert plan, før den vert lagd ut på høyring. Tidslinja for ferdigstilling av planen må vi vurdere når innspela etter høyringa ligg føre.

- Vi skal bygge ut veg, vatn og avløpsanlegg for Heranglie bustadfelt og avklare modellar for samarbeid med næringslivet om utbygging av leilegheitsområda på feltet slik at fleire kan kome inn på bustadmarknaden.

Utbygging av veg, vatn og avløpsanlegg blir gjort ferdig i oktober. Veggen er allereie asfaltert. Utbygging av tomtene kan ta til no. Vi har hatt fleire som har vore interessert i kjøp av bustadtomt, og har seld ei tomt til privatperson og halde av ei. Vi har utvikla rammene for ein samarbeidsmodell med næringslivet, m.a. har kommunestyret gitt kommunedirektøren fullmakt til å kjøpe inntil 5 leilegheiter i ein avtale med utbyggjar. Vi har halde eit opent infomøte for alle interesserte utbyggjarar 29. september 2023. Etter møtet er det fleire interesserte utbyggjarar både av tomteområdet L1 og av enkelttomter. Husbanken vil delta i arbeidet. Husbanken er særleg interessert i å bidra til fleire livsløpsbustader og ønsker å gi informasjon om moglegheitene for startlån og eventuelle tilskot.

- Vi skal i lag med nasjonale styresmakter og andre samarbeidspartar etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken gard.

Nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken vart etablert 12. mai, med val av styre og styreleiar for selskapet. Offisiell opning av senteret var 13. juni. Vi har tilsett ein prosjektmedarbeidar i full stilling, og styret har lyst ut stillinga som dagleg leiar.

Vi har inngått avtale med landbruks- og matdepartementet om overtaking av Løken gard. Kommunen har fått konsesjon for overtakinga, og kjøpet er tinglyst. Vi har i ein 10årsavtale leige ut heile areal på Løken til Graminor. Graminor vil gjere avtale om lokale bønder om utleige og drift av delar av arealet. Bustadhusa på Løken vert nytta til busetting av flyktningar. Vi har inngått leigeavtale av administrasjonsbygget med Nasjonalt senter for fjellandbruk og Nortura, og vil venteleg i nær framtid gjere leigeavtale med Nibio og NLR Innlandet. Vi har også kontakt med fleire andre potensielle leigetakarar i administrasjonsbygget.

- Vi skal gjennom prosjektet Klima+ legge til rette utbygging av fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad og effektiv arealbruk.

Vi har arbeidet med å få Klima+-perspektivet inn i arealdelen av kommuneplanen, med redusert arealforbruk og rammer for utbygging av fritidsbustader som gjev lågare utslepp av klimagassar. Klima+-perspektivet er også lagd inn i reguleringsplan for Finntøpplie og for Aasgaarden og i utkast til reguleringsplan for Liahaugstølen. Dette er eller vert følgd opp i utbyggingsavtalane knytt til dei aktuelle utbyggingane. Vi har delteke i fylkeskommunen si satsing på klimavenleg stadutvikling i hyttekommunar. Vi søkte Miljødirektoratet om støtte til vidareføring av Klima+ i tre år, men fekk avslag på søknaden, då dei prioriterte andre tiltak i 2024. Oppfølging av Klima+ vil framover bli integrert i ordinær drift i kommunen.

- Vi skal invitere til Rein naturglede og innan 2035 doble tal gjestedøgn i kommunen gjennom å:
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
 - sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper m.v. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder as.

Vi deltek i forskingsprogrammet Accesstour i lag med Beitostølen helsesportsenter, Beitostølen Utvikling SA, Beito Husky, Myhre Gard og Trollrock. Føremålet er å auka kunnskapen om og strategiar for betre tilrettelegging av reisemåla for alle, uavhengig av funksjons-nivå. Vi har utarbeidd ein handlingsplan for dette arbeidet med fleire tiltak, m.a. betre tilrettelegging for alle av friområdet på Furustrand og etablering av trillesti i høgfjellet til Rjupetjern. Skal vi få auka kapasitet i dette arbeidet, må vi finne ressursar til ei stilling som kan drive arbeidet framover. Beitostølen Utvikling SA og BHSS har nyleg sendt kvar sin søknad om økonomisk støtte til Innlandet fylkeskommune sitt program for eit Inkluderande Innland til eit forprosjekt om Beitostølen som ein tilrettelagd og inkluderande stad å vera for fastbuande, deltidsinnbyggjarar og gjester.

Kommunen bidreg med årleg støtte på 2,25 mill. til Beitostølen Fellesgoder as, med eit tilsvarande årleg bidrag frå næringslivet. Selskapet nyttar midla til finansiering av fellesgoda, m.a. til betre tilrettelegging av stiar, løyper m.v. for alle.

- Vi skal i samarbeid med andre etablere Fly'a folkehøgskule – ein folkehøgskule for alle - på Heggenes, med idrett, paraidrett og Esport som hovudlinjer.

NOUen om folkehøgskular har vore på høyring våren 2023. Vi har undersøkt med nasjonale myndigheiter når NOUen vert følgd opp og om det kan bli lagd inn midlar til nye folkehøgskular i

komande budsjett. Det er lite som tyder på at det vil kome midlar til nye folkehøgskular i komande budsjett, og det er usikkert når NOUen vert følgd opp med ei stortingsmelding. I tillegg er søknadstala til folkehøgskulane synkande. Kommunedirektøren har på dette grunnlaget rådd til at vi ikkje arbeider vidare med etablering av Flya Folkehøgskule, noko kommunestyret slutta seg til ved handsaming av 1. tertial-rapport.

- Vi skal i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å auke bruken av området gjennom heile året.

Idrettslaget og selskapa på stadion har sett i gang ein strategiprosess for å sikre rammene for drift og vidareutvikling av Beitostølen stadion. Kommunedirektøren har i samband med eigarskapsmeldinga fremja forslag om endring av kommunen sitt eigarskap i stadionselskapa. På bakgrunn av strategiprosessen til idrettslaget og stadionselskapa og kommunestyret si handsaming av eigarskapsmeldinga, vil kommunedirektøren følgje opp saka. Selskapa melder at dei fram til gjennomføring av NM på ski i februar 2024 må prioritere tida til det. Saka vil bli følgd opp våren 2024.

Investeringar

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Opph. bud. 2023	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endring år 1 (2023)	Forslag til bud.endring år 2 (2024)	Forslag til bud.endring år 3 (2025)	Forslag til endring av totalramme
Investeringar i varige driftsmidlar	31 067	125 402	122 091	60 501	64 901	-64 901	59 195	8 410	2 704
Tilskot til andre sine investeringar	26	0	0	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	786	1 015	715	1 100	-85	85	0	0	85
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	31 879	126 417	122 806	61 601	64 816	-64 816	59 195	8 410	2 789
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 960	-10 527	-9 722	-3 650	-6 877	6 877	-5 456	-1 682	-261
Tilskot frå andre	-722	-2 631	-2 631	-2 300	-331	331	-331	0	0
Sal av varige driftsmiddel	-511	-2 000	-2 000	-2 000	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	0	-106 884	-104 878	-51 230	-55 654	55 654	-51 454	-6 728	-2 528
Sum investeringsinntekter	-3 193	-122 042	-119 231	-59 180	-62 862	62 862	-57 241	-8 410	-2 789
Vidareutlån	0	5 000	5 000	5 000	0	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	-5 000	-5 000	-5 000	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	40	200	200	200	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-67	-200	-200	-200	0	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	-27	0	0	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	-3 385	-2 585	-1 431	-1 954	1 954	-1 954	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	3	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	-990	-990	-990	0	0	0	0	0
Avsettingar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkede beløp	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	3	-4 375	-3 575	-2 421	-1 954	1 954	-1 954	0	0
Framført til inndecking i seinare år (udekt)	28 662	0	0	0	0	0	0	0	0

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Opph. bud. 2023	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1 (2023)	Forslag til bud.endr. år 2 (2024)	Forslag til bud.endr. år 3 (2025)	Forslag til endr. totalramme
Andre investeringer									
Tenestebilar	1	0	0	150	-150	150	0	0	150
Kommunale områder for bustad og næring	566	4 000	4 000	100	3 900	-3 900	3 900	0	0
Kommunale bygg - nye helsetunet ute og inne	416	0	0	1 500	-1 500	1 500	0	0	1 500
Kommunale bygg - Utsmykking mv. helsetunet	68	700	700	70	630	-630	0	0	-630
Kommunale bygg - Lydisolering kulturskulerom	0	114	0	114	0	0	0	0	0
Kommunale bygg - Rogne barnehage utvid garderobe	27	831	0	831	0	0	0	0	0
Kommunale bygg - Brennebakkin avlastningsbustad	1	6 500	6 500	0	6 500	-6 500	6 500	0	0
Kommunale bygg - kjøp bustad - Bygdinvegen 2108 (27/66)	1 384	0	0	1 400	-1 400	1 400	0	0	1 400
Kommunale bygg - nytt helsehus	257	300	300	300	0	0	0	0	0
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	162	8 550	7 750	500	8 050	-8 050	8 050	0	0
Kommunale vegar - asfaltering o.l.	8	0	0	0	0	0	0	0	0
Kommunale vegar - Volbu bru	18	446	0	30	416	-416	100	0	-316
Kommunale vegar - trafikktrygging Solhauglie/Rogne barnehage og skule	2 360	1 750	1 750	2 350	-600	600	0	0	600
Kommunale vegar - Fleirfunksjonstrase Stølsie Garli	0	200	200	0	200	-200	200	0	0
Andre investeringar	8	0	0	0	0	0	0	0	0
Infrastruktur med UBA, e-skattemiddel (hovedprosj. til fordeling)	14	0	0	0	0	0	0	0	0
Overtak./oppgrad.Finntøppv.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjedbakkvegen	212	18 900	18 900	1 490	17 410	-17 410	9 000	8 410	0
Skibru - Finntøppvegen	289	330	330	330	0	0	0	0	0
Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes	4	3 128	1 294	700	2 428	-2 428	2 428	0	0
Trillesti Rupetjedn	0	687	687	687	0	0	0	0	0
Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen	0	1 000	1 000	0	1 000	-1 000	1 000	0	0
VVA Heranglie	0	9 200	9 200	9 200	0	0	0	0	0
Sum Andre investeringer	5 796	56 636	52 611	19 752	36 884	-36 884	31 178	8 410	2 704

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Opph. bud. 2023	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1 (2023)	Forslag til bud.endr. år 2 (2024)	Forslag til bud.endr. år 3 (2025)	Forslag til endr. totalramme
Selvkost									
VA-utbygging i bygda (hovedprosj.nr.)	5	0	0	0	0	0	0	0	0
VA i bygda - Kolleberg	66	5 000	5 000	500	4 500	-4 500	4 500	0	0
VVA Heranglie	15 724	9 582	11 130	9 582	0	0	0	0	0
VA i bygda - Nordtorp - Hegge stavkyrkje	23	7 800	7 800	5 000	2 800	-2 800	2 800	0	0
VA i bygda - Solhauglie	0	1 000	1 000	0	1 000	-1 000	1 000	0	0
VA i bygda - Storefoss Nedrefoss	78	200	0	200	0	0	0	0	0
VA i bygda - Bergojordet	12	4 000	4 000	4 000	0	0	0	0	0
VA mindre anlegg årleg	623	5 250	5 000	5 250	0	0	0	0	0
VA -hytteområda - Finntøpplie	6 017	8 720	6 550	8 720	0	0	0	0	0
VA hytteområda - Luskeråsen	2	1 000	1 000	50	950	-950	950	0	0
VA hytteområda - Javnlie	0	1 000	1 000	0	1 000	-1 000	1 000	0	0
VA hytteområda - Gravfjellet	7	1 000	1 000	200	800	-800	800	0	0
VA transportmiddel	395	500	0	400	100	-100	100	0	0
VA Nordtorp høgdebasseng	518	8 610	10 000	610	8 000	-8 000	8 000	0	0
VA oppgradering Ole vassverk	14	10 300	12 000	2 300	8 000	-8 000	8 000	0	0
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	397	1 667	1 000	800	867	-867	867	0	0
VA Nye Nedrefoss RA	1 388	3 137	3 000	3 137	0	0	0	0	0
Sum Selvkost	25 271	68 766	69 480	40 749	28 017	-28 017	28 017	0	0
Investerings i varige driftsmidler	31 067	125 402	122 091	60 501	64 901	-64 901	59 195	8 410	2 704

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Opph. bud. 2023	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1 (2023)	Forslag til bud.endr. år 2 (2024)	Forslag til bud.endr. år 3 (2025)	Forslag til endr. totalramme
VA Gullbakkvegen	1	0	0	0	0	0	0	0	0
VVA Heranglie	25	0	0	0	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	26	0	0	0	0	0	0	0	0

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Opph. bud. 2023	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1 (2023)	Forslag til bud.endr. år 2 (2024)	Forslag til bud.endr. år 3 (2025)	Forslag til endr. totalramme
Andelar i KLP	756	0	0	800	-800	800	0	0	800
Aksjer	30	1 015	715	300	715	-715	0	0	-715
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	786	1 015	715	1 100	-85	85	0	0	85

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Opph. bud. 2023	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.endr. år 1 (2023)	Forslag til bud.endr. år 2 (2024)	Forslag til bud.endr. år 3 (2025)	Forslag til endr. totalramme
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	31 879	126 417	122 806	61 601	64 816	-64 816	59 195	8 410	2 789

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Status investeringsprosjekt

Andre investeringar

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Avvik Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2023	Forslag til bud.endr. år 2024	Forslag til bud.endr. år 2025	Sum forslag til bud.endr.
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Årsprognose						
Aksjar	Iht. plan	1 015	30	300	715	Iht plan	Flytta KLP egenkapitalinnskot til eigen post.	-715	0	0	-715
Andeler i KLP	Iht. plan	0	756	800	-800	Meirforbruk	Eigenkapitalinnskot i KLP (årleg) har auka meir enn budsjettert.	800	0	0	800
Andre investeringar	Ikkje vurdert	0	8	0	0	Meirforbruk	0	0	0	0
Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes	Forsinka	3 128	4	700	2 428	Mindreforbruk	Turveg inkl. erverv av grunn i 2023, ca. kr 700`. Motteke tilsegn frå Sparebankstiftelsen på tot 2 mill.kr.	-2 428	2 428	0	0
Infrastruktur med UBA, e-skattemiddel (hovedprosj. til fordeling)	Ikkje vurdert	0	14	0	0	Meirforbruk	Blir fordelt og finansiert av UBA-middel mv.på slutten av året.	0	0	0	0
Kommunale bygg - Brennebakkin avlastningsbustad	Forsinka	6 500	1	0	6 500		Ikkje klart for oppstart 2023, bustaden i Vindevegen kan nyttast inntil vidare.	-6 500	6 500	0	0
Kommunale bygg - kjøp bustad - Bygdinvegen 2108 (27/66)	Iht. plan	0	1 384	1 400	-1 400	Meirforbruk	Jf. KS-38/23, kjøpt bustad. Finansiering med bruk av lån som er frigjort etter nedtrekk av andre investeringar 2023.	1 400	0	0	1 400
Kommunale bygg - Lydisolering kulturskulerom	Iht. plan	114	0	114	0	Iht plan	Blir gjort ferdig ila. året.	0	0	0	0
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	Forsinket	8 550	162	500	8 050		Største delen av budsjetten for 2023 bør overførast til 2024. Vi er i prosess med utbyggar om kva modell som bør veljast.	-8 050	8 050	0	0
Kommunale bygg - nye helsetunet ute og inne	Forsinket	0	416	1 500	-1 500	Meirforbruk	Prosjektet vart budsjettmessig avslutta ved 2.tertial-22, med eit mindreforbruk på meir enn 4 mill.kr. Sett i ettertid vart prosjektet avslutta for tidleg. Det	1 500	0	0	1 500

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Investering	Budsjett for året										
	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose	Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2023	Forslag til bud.endr. år 2024	Forslag til bud.endr. år 2025	Sum bud.endr.
							har vore nødvendige etterarbeid, tillegg og oppgraderingar ute og inne. Vi foreslår å ta inn at 1,5 mill.kr av dei budsjettmidla som vart tilbakeført i fjor for å dekke arbeid på uteområdet, justeringar av teknisk anlegg, ettermontering av tak-/personheisar, styrke internettsambandet i ulike delar av bygget m.v..				
Kommunale bygg - nytt helsehus	Iht. plan	300	257	300	0	Iht plan	Prosjektet fortset 2024.	0	0	0	0
Kommunale bygg - Rogne barnehage utvid garderobe	Ferdig	831	27	831	0	Mindreforbruk	Ferdig, men manglar sluttoppgjær.	0	0	0	0
Kommunale bygg - Utsmykking mv. helsetunet	Ferdig	700	68	70	630	Mindreforbruk	Prosjektet er avslutta.	-630	0	0	-630
Kommunale områder for bustad og næring	Forsinket	4 000	566	100	3 900	Mindreforbruk	Sal av tomt Heranglie og tilbakekjøpt tomt Klippemyrhaugen. Usikkert når det blir bruk for rest budsjett, overførast til 2024.	-3 900	3 900	0	0
Kommunale vegar - Fleirfunksjonstrase Stølsli Garli	Forsinket	200	0	0	200		Utsett for gjennomføring seinare år.	-200	200	0	0
Kommunale vegar - trafikktrygging Solhauglie/Rogne barnehage og skule	Iht. plan	1 750	2 360	2 350	-600	Meirforbruk	Prosjektet er i hovudsak ferdig, men ikkje alle rekningar er ført. Budsjettløyving må aukast med 600` pga. endringar i prosjektet som var nødvendig, m.a. rekkverk, breiddeutviding veg.	600	0	0	600
Kommunale vegar - Volbu bru	Ferdig	446	18	30	416	Mindreforbruk	Ferdig med unntak av gjerde mot nabo i 2023 og gjennomføring av jordskiftesak i 2024 .	-416	100	0	-316
Nærmiljøanlegg Klippemyrhaugen	Forsinket	1 000	0	0	1 000	Iht plan	Vi har motteke tilbod på prosjektet. Det er ikkje realistisk å gjennomføre i 2023, og prosjektet blir overført til 2024.	-1 000	1 000	0	0

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Investering	Budsjett for året										
	Status framdrift	Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose hiå	Årsprognose	Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2023	Forslag til bud.endr. år 2024	Forslag til bud.endr. år 2025	Sum forslag til bud.endr.
Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	Forsinket	18 900	212	1 490	17 410	Ihht plan	Vi er ikkje ferdig med alle prosessane med grunneigarar og tilbodsinnhenting. Oppstart ute blir tidlegast våren-24 (snøbar mark).	-17 410	9 000	8 410	0
Skibru - Finntøppvegen Tenestebilar	Iht. plan	330	289	330	0	Ihht plan	Er ferdig bygd. Det er behov for bil til transport av flyktningar til barnehage, legebesøk, fritidsaktivitetar mv. Det er innhenta konkret tilbod, kr 150.000. Kjøpet vil medføre vesentleg innsparing på drosje. Tiltaket vert finansiert ved overføring frå drift.	0	0	0	0
	Ikkje vurdert	0	1	150	-150	Ihht plan		Det er behov for bil til transport av flyktningar til barnehage, legebesøk, fritidsaktivitetar mv. Det er innhenta konkret tilbod, kr 150.000. Kjøpet vil medføre vesentleg innsparing på drosje. Tiltaket vert finansiert ved overføring frå drift.	150	0	0
Trillesti Rupetjedn	Iht. plan	687	0	687	0	Ihht plan	Tiltaket vert gjennomført hausten -23 om snøtilhøva vert normale i okt/nov..	0	0	0	0
VVA Heranglie	Iht. plan	9 200	0	9 200	0	Ihht plan		0	0	0	0
Sum		57 651	6 575	20 852	36 799			-36 799	31 178	8 410	2 789

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2023	Forslag til bud.endr. år 2024	Forslag til bud.endr. år 2025	Sum forslag til bud.endr.
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Årsprognose						
VA - hytteområda - Finntøpplie	Iht. plan	8 720	6 017	8 720	0	Iht plan	Skal vera ferdig ila. 2023.	0	0	0	0
VA hytteområda - Gravfjellet	Forsinket	1 000	7	200	800	Mindreforbruk	Blir kun prosjektering i 2023, overfør rest til 2024	-800	800	0	0
VA hytteområda - Javnlie	Forsinket	1 000	0	0	1 000	Mindreforbruk	Overfør til 2024	-1 000	1 000	0	0
VA hytteområda - Luskeråsen	Forsinket	1 000	2	50	950	Mindreforbruk	Overfør til 2024	-950	950	0	0
VA i bygda - Bergojordet	Iht. plan	4 000	12	4 000	0	Iht plan	Blir gjennomført i 2023.	0	0	0	0
VA i bygda - Kolleberg	Forsinket	5 000	66	500	4 500	Iht plan	Oppstart i 2023 og gjennomføring 2024.	-4 500	4 500	0	0
VA i bygda - Nordtorp - Hegge stavkyrkje	Forsinket	7 800	23	5 000	2 800	Meirforbruk	Anleggsstart i sep.-23, kan overføre 2,8 mill. til 2024.	-2 800	2 800	0	0
VA i bygda - Solhauglie	Forsinket	1 000	0	0	1 000	Mindreforbruk	Ikkje starta opp.	-1 000	1 000	0	0
VA i bygda - Storefoss Nedrefoss	Iht. plan	200	78	200	0	Iht plan	Gjenstår asfaltering o.l.	0	0	0	0
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	Iht. plan	1 667	397	800	867	Iht plan	Planlegging 2023 og 2024. Overføre del til neste år.	-867	867	0	0
VA mindre anlegg årleg	Forsinket	5 250	624	5 250	0	Mindreforbruk	Blir ikkje tid til småprosjekt hausten 2023. Mindre VA-anlegg er ei årleg løyving, difor ikkje aktuelt med rebudsjettering.	0	0	0	0
VA Nordtorp høgdebasseng	Forsinket	8 610	518	610	8 000	Mindreforbruk	Det meste vil måtte utsetjast til 2024.	-8 000	8 000	0	0

2 tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2023	Forslag til bud.endr. år 2024	Forslag til bud.endr. år 2025	Sum forslag til bud.endr.
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose						
VA Nye Nedrefoss RA	Iht. plan	3 137	1 388	3 137	0	Iht plan	Totalprognosen har auka vesentleg etter prosjektering prognose. Vil i hovudsak påverke budsjettet neste år.	0	0	0	0
VA oppgradering Ole vassverk	Forsinket	10 300	14	2 300	8 000	Mindreforbruk	Er starta opp, men 8 mill. kan overførast til 2024.	-8 000	8 000	0	0
VA transportmiddel	Iht. plan	500	395	400	100	Mindreforbruk	Blir ført 395`. Rest kan overførast til 2024.	-100	100	0	0
VVA Heranglie	Iht. plan	9 582	15 749	9 582	0	Iht plan		0	0	0	0
Sum		68 766	25 292	40 749	28 017			-28 017	28 017	0	0

Sum andre prosjekt

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Budsjett for året				Økonomistatus	Kommentar	Forslag til bud.endr. år 2023	Forslag til bud.endr. år 2024	Forslag til bud.endr. år 2025	Sum forslag til bud.endr.
		Rev. bud.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose						
Sum andre prosjekt		0	12	0	0			0	0	0	0
Sum		0	12	0	0			0	0	0	0

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå.	Regnskap hiå.	Avvik hiå.	Budsjett 2023	Prognose- avvik	Års- prognose
Sum generelle driftsinntekter	-174 304	-176 377	2 073	-268 277	1 100	-269 377
Avskrivningar	0	0	0	27 400	0	27 400
Motpost avskrivningar	0	0	0	-27 400	0	-27 400
Netto finansutgifter	21 824	17 496	4 328	32 749	5 300	27 449
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-33	383	-416	-29 356	-150	-29 206
Til disposisjon	-152 513	-158 498	5 985	-264 884	6 250	-271 134
Politisk leining og kontrollorgan	1 967	2 046	-79	3 059	0	3 059
Kommunedirektør felles	4 884	3 254	1 631	6 364	3 350	3 014
Stab	12 518	11 968	549	17 942	100	17 842
Felles opplæring og kultur	5 324	4 201	1 122	7 520	0	7 520
ØSUS	8 214	7 498	716	12 797	0	12 797
Rogne skule	10 753	11 520	-767	17 056	0	17 056
Lidar skule	9 170	9 599	-429	14 509	0	14 509
Rogne barnehage	8 137	8 460	-322	12 903	0	12 903
Beito barnehage	4 289	4 917	-628	6 850	0	6 850
Private barnehager	3 990	4 682	-692	5 988	0	5 988
Kulturavdelinga	6 293	6 677	-385	9 710	0	9 710
Flyktningetenesta	-7 644	-11 700	4 056	-6 000	150	-6 150
Felles helse og omsorg	16 541	11 035	5 507	25 031	-2 000	27 031
Helse og tilrettelagde tenester	20 938	22 243	-1 305	33 196	-2 000	35 196
Førebygging og meistring	22 495	23 320	-825	35 519	600	34 919
Institusjonstenester	20 748	22 043	-1 295	32 646	-1 300	33 946
Felles tekniske tenester	376	289	87	84	0	84
Teknisk drift	18 127	14 979	3 148	41 003	1 300	39 703
Næring plan og byggesak	7 071	8 166	-1 096	11 888	-1 800	13 688
Kraftforvaltning	-5 631	-4 255	-1 377	-8 450	-3 500	-4 950
Pensjon mv. felles	-421	-6 147	5 726	-14 731	-1 100	-13 631
Sum disponering	168 139	154 794	13 345	264 884	-6 200	271 084
Merforbruk +/mindreforbruk -	15 626	-3 704	19 330	0	50	-50

Tabellen ovanfor viser rekneskap og budsjett per august og årsprognose med endring for året. Positive tal under Årsprognose er forbetring, - tal er forverring.

Økonomien til kommunen er samla sett greitt i tråd med budsjettet for året.

Regnskapet er ikkje periodisert gjennom året, så rekneskapen per august gjev ikkje eit representativt bilde av korleis året vil gå - dei fleste avvika er periodiseringsforskjellar mellom budsjett og rekneskap, m.a. er det budsjettert med ein rekke bruk og avsetning til fond som ikkje blir ført før ved årets slutt.

Vi ser enkelte område som gjev økonomiske utfordringar, og nokon auka inntekter og reduserte utgifter. Enkelte større kjente avvik er vist som avvik i prognose i forhold til vedteken budsjetttramme.

Erfaringsmessig kan det også kunne bli nokon innsparingar og meirinntekter som vi ikkje ser før året er

omme. Spesielt er det vanskeleg å ha tilstrekkeleg oversikt over bruk av fond gjennom året. Vi har foreløpig tru på at årsresultatet kan ende omtrent på budsjett, med unntak av områda der kommunedirektøren forslår budsjettendringar.

Sum generelle driftsinntekter og finansiering:

Sum generelle driftsinntekter:

Rammetilskotet er auka i revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2023, for å kompensere for utgiftsvekst som følgje av høgare lønns- og prisvekst, og for demografisk utvikling i lys av ein usikker internasjonal situasjon. For Øystre Slidre kommune er siste prognose ei netto auke i rammetilskot og skatteinntekter på 2.500` for 2023. Av dette har vi budsjettjustert 840` ved 1. tertial. Netto prognoseauke er nær **1.700`**.

Eigedomsskatt - inntekter blir ca. **kr 600`** lågare enn budsjettert. I budsjetteringa for 2023 la vi til grunn ein vel optimistisk prognose for nye bygningar, og vi la til grunn at NVE ville få registrert overgang av kraftrettar i samband med Skjel, slik at vi ville få auka vår del i 2023. Dette slo ikkje til.

Netto finansutgifter:

Renteinntekter blir ein god del høgare enn budsjettert i år, som følgje av lågare investeringar og meir inneståande på konto enn føreset, og høgare rentesats enn budsjettert. Per september har vi meirinntekter på 3.070`. Vi har auka prognosen for året med **kr 3.500`**.

Også renteutgiftene er litt lågare enn budsjettert, per august ca. 200`, men vi reknar at utgiftene vil auke på mot slutten av året, som følgje av auka låneopptak, og at rentesatsen har vore auka utover i året.

Utbytte frå Innlandet Energi Holding blir ekstra høgt i 2023 som følgje av godt årsresultat 2022 i kraftbransjen. Vi reknar ei meirinntekt kr **1.800`** for året.

Sum disponeringar mv.

Følgjande er aktuelle endringar i prognose og budsjett for 2023 innanfor disponering (bruk/avsetning fond og overføring til investering):

- Overføring til investeringsregnskapet - reduksjon (K) kr 1.954.000 (som følgje av endring i investeringsbudsjettet).
- Overføring til investeringsregnskapet - reduksjon (K) kr 150.000 (som følgje av differanse mellom drift og investering i økonomiplan 2023)
- Flyktningtenesta under opplæring og kultur - Skyssutgifter brukarar - reduksjon (K) kr 150.000, som følge av at flyktningtenesta vil kjøpe bil (sjå under investering)
- Bruk av disposisjonsfond - reduksjon (D) kr 2.254.000 (saldering som følgje av dei andre budsjettendringane)

Kommunedirektør og felles

Kommunedirektøren - felles

Området under kommunedirektøren ser ut til å vera i tråd med budsjett, med unntak av følgande:

Det er mindreforbruk løn/sosiale kostnader med ca. **kr 1.450`** for året, som følge av vakant stilling deler av året, mindreuttak AFP 62-64 i kommunen, og budsjettert lønnsvekst pott for kommunen samla.

Vi reknar også eit mindreforbruk her for året på ca. **kr 1.900`**, som følgje av at prisveksten for 2023 vart lagt sentralt. Denne posten vil vera med på å dekke meirforbruk ute på tenestene, men er ikkje fordelt. Prognosen for året er auka med kr 3.350`.

Stab:

Økonomiavdelinga har per august meirinntekter ca. kr 50`. Det er også mindreforbruk pga. vakans deler av året, som overstig meirforbruket på ekstrahjelp og overtid, men dette kan endre seg med utbetaling av meirtimar mot slutten av året.

IKT Valdres har varsla ein reduksjon i IKT-utgifter i år på vel **kr 150`**.

Kraftforvaltning:

Skoltefoss kraftverk fekk driftsstans 9. august som følgje av ekstremværet Hans. Det er p.t. uklart kva istandsetjinga vil koste, og når det kan starte opp att. NorConsult og Valdres Energi er engasjert til å utarbeide tilstandsrapport. Saka er meldt til forsikringsselskapet og vi har sendt foreløpig søknad til Statsforvaltaren om støtte dersom vi ikkje får full dekning av utgifter og inntektstap frå forsikringsselskapet. Kraftverket produserer om lag 2,6 gWh årleg, og med ein snittpris på 50 øre utgjør det ca. 1.300` i inntekter for året. Vi legg p.t. til grunn at kraftverket blir ute av drift ut året.

Når det gjeld netto inntekter frå kraftomsetning generelt dette året, ser det ikkje ut som vi vil oppnå budsjettet på ca. 7 mill. Prognosen akkurat no ligg på +/- 0. Sluttresultatet er usikkert, då det avheng av kva salsprisar det blir resten av hausten, og av endeleg kostpris frå Hafslund. For kraftsal har kommunen prissikringar frå tidlegare på ca. 73% av totalt 2023-volumet. Resten blir seld i spotmarknaden. Marknadsprisane har gradvis gått nedover siste halvår, snittet for jan-sep ligg på 75 øre (84,2 øre per august) (mot 116 øre for 1. tertial). Årsprognosen for kraftsalet ligg på 41 – 53 øre i snitt i rapport frå forvaltar per august. Kostprisen for krafta er høg. For andelskrafta ser kostprisen ut til å bli høgare enn inntektene. Vi har skjønsmessig lagt inn svikt med netto kr **3.500`** i prognosen for året.

Pensjon:

KLP har varsla auke i pensjonskostnadene med ca. **1.100`** i 2023, jf. 1.tertial rapporten, og dette rimer greitt med siste prognose av sep-23.

Lønn - samla vurdering for kommunen:

For lønnskostnader samla for kommunen, utanom pensjon (som er omtala nederst), er det totalt meirforbruk netto på 2,3 mill. kr.

- Flyktningeområdet aleine har meirforbruk på lønn på 2,4 mill.kr. Dette vert finansiert av høgare tilskot frå staten, sjå nærare omtale under Opplæring og kultur.
- Rogne skule har meirforbruk på lønn som følgje av høg vikarbruk.

Det er andre tenester som har mindreforbruk på lønn, bl.a. pga vakanser og fråvær det er vanskeleg å fylle. Det gjer at meirforbruket samla ikkje er høgare. Det gjeld kommunedirektør /felles, førebygging og meistring, kommunalsjef helse og omsorg, næring plan og byggjesak, Rogne barnehage og økonomiavdelinga.

Det er vesentleg meirforbruk på overtid og tillegg. Den vesentlege delen av dette ligg under helse og omsorg - men det er innsparingar på fastlønn, sjå nærare omtale under Helse og omsorg. Når det gjeld lønnsutgifter til vikar, er det godt samsvar mellom meirutgiftene og meirinntektene i form av mottekne refusjonar.

Opplæring og kultur

Vi ventar ikkje store meir- eller mindreforbruk området samla, men på enkeltområder er det ein viss usikkerheit, sjå nedanfor. Vi legg til grunn at ev. meirforbruk vil bli dekkja av mogleg mindreforbruk på andre tenester innan opplæring og kultur.

Rogne skule

Rogne skule har dekt to av fagarbeidarstillingane med innleige. I ei overgangsperiode på 1,5 månad er også ein tredje person inne fram til nyttilsett startar opp i sin jobb. Det vil kunne bli eit meirforbruk på innleige grunna nokon fleire arbeidstimar i oppstart av skuleåret og utgifter i samband med reise til og frå Øystre Slidre.

Flyktingetenesta

I økonomiplanen vart det lagt til grunn eit forsiktig estimat når det gjeld busetting av flyktningar i 2023, 12 ordinære og 20 frå Ukraina. Etter det har kommunestyret gjort vedtak om busetting av 60 flyktningar i 2023, noko som både vil gje høgare utgifter og høgare inntekter enn budsjettet. Det er meirutgifter på fleire områder, jf. omtale ved 1.tertial. Det er også meirinntekter på integreringstilskott, norsktilskot mv. frå staten, som ser ut til å ville finansiere meirutgiftene kommunen har for busetjing/integrering i året. Vi har ikkje endra brutto prognose for auka tilskot frå staten og utgifter.

Det er eit etterslep på vedtaksproduksjon. Dette gjer til at vi ikkje har fått inn alle tilskota endå. Det er lagt ein plan og det er ei forventning om at vi skal vera ajour med vedtaka innan utgangen av 2023.

Flyktingetenesta har vurdert at det er behov for, og vil kjøpe, ein minibuss. Det er gjort godt forarbeid, og vurderinga er at eit slikt innkjøp vil bli finansiert av reduserte drosjeutgifter og av tilskot på flyktningeområdet. Vi har difor lagt inn reduksjon i nettoutgiftene til flyktingtenesta 2023 med kr 150`. Kjøp av bil ligg som forslag under investeringar.

Helse og omsorg:

Felles helse og omsorg

Tildelings- og bustadkontoret har eit mindreforbruk på fastlønn i forhold til budsjett. Dette grunna permisjon for fast medarbeidar og mangel på vikar. Mangel på tilsette har vore krevjande for tenesteproduksjonen. Ny tilsetjing i stillinga er venta 4. kvartal 2023.

Kommunen har leigd bustader for vidare framleige. Dette medfører eit betydeleg meirforbruk på husleigeutgifter. Ein del er også «tomgangsleige» (netto kostnad for kommunen), ved at vi må leige og klargjera bustader før flyktningane kjem og leiger, og tildelings og bustadkontoret ventar auka tomgangsleie 3. og 4. kvartal. Per 2. tertial blir meirutgiftene dekkja av fakturerte husleigeinntekter mv., og av tilskot ført sentralt. Husleigeinntektene ligg godt over budsjetterte inntekter. Ein stor del av leigeinntektene blir dekkja av sosialbudsjettet og truleg vil medføre auka utgifter på dette området. Det er teke høgde for dette i samla prognose for flyktningøkonomien (sjå under opplæring og kultur), også auka kostnader under teknisk drift til vedlikehald, straum, internett mv.

Interkommunale tenester:

Tertialrapporten vi mottok frå Nord-Aurdal for 1.tertial, etter at vi rapporterte vår 1.tertial, tyder på at det blir meirforbruk innan fleire tenester, både barnevern (kanskje må vi rekne med budsjettsprekk opp mot kr 2 mill.), intermediær, Valdres legevakt, NAV sosialstønad og PPT. Vi har ikkje motteke 2.tertial rapport frå dei enno. Vi har skjønsmessig lagt inn prognoseendring med **kr 2.000`**.

Helse og tilrettelagde tenester

Legetenesta har eit meirforbruk på ca. 1.000`. Legetenesta viser mindreforbruk fastlønn på grunn av ledig legestilling og LIS-lege, men meirforbruk for innleige av lege. Det er venta meirforbruk ut 2023 på leger med 500-750`. Vi manglar refusjonar og eigenbetaling sidan vi ikkje har LIS-lege i perioden mars-sep-23. Ut over hausten må vi rekna med auke i utgifter til medisin/ medisinsk forbruksmaterieil, ca. 150`, grunna ny fellesavtale med legane frå september-23.

Netto meirforbruk skal i hovudsak bli dekkja inn i løpet av året av tilskot som legetenesta får ut året, og av auka basistilskot i rammetilskotet og integreringstilskot for flyktningar, som ligg andre stader i kommuneregnskapet. Kommunen har frå 01.04.23 fått auka basistilskot for fastleger på 500`, og det er forventa at kommunen får auka basistilskot på 950` i 2023. Deler av meirforbruket i 2023 skuldast kartlegging og tolkeutgifter til flyktningar, og desse utgiftene vil bli finansiert av flyktingetilskot.

Helsestasjon og skulehelseteneste har ca. 400` i meirinntekter for året grunna øyremerka tilskot frå helsedirektoratet, som ikkje er budsjettert, medan stilling som inngår i prosjektet var budsjettert.

Arbeid og aktivitet har meirforbruk på løn og kjøp av tenester frå andre kommunar. Det har vore ca. 1.300` i meirforbruk lønn ved Brennebakkin. 600` skuldast at det ikkje vart teke tilstrekkeleg høgde for tillegg for ubekvem arbeidstid i budsjettet for 2023. Det er eit meirforbruk på innleige og overtid på 370`. Vi har gjennomført ferieavvikling og det er utarbeidd ein plan for sjukefråværsarbeid og rekruttering. Bemanninga og tillegga er nødvendig for ei tilstrekkeleg teneste for brukarane. Meirforbruket vil truleg auke resten av året, men ikkje i same storleik. Vi reknar også med meirforbruk kr 300` for året på kjøp av teneste frå nabokommune, basert på avrekninga vi fekk for 2022 som var ein del høgare enn budsjettert. Prognosen er samla auka med **kr 2.000`**.

Førebygging og meistring

Tenesta har netto mindreforbruk ca. **kr 600`** per 2. tertial som meste sannsynleg vil stå ut året. Dette består i: Meirforbruk vikarbruk og overtid, bl.a. fast tilsette som har arbeidd ekstra heile året som følgje av vakansar, sjuke- og fødselspermisjonsfråvær samt sommarbonus/ferieavvikling. Men mindreforbruk på fastløn og meirinntekter sjukepengerefusjon overstig meirforbruket, sidan det ikkje har vore tilgang på nok arbeidskraft i perioden. Dagsenteret har også hatt litt mindreforbruk på lønn grunna vakans i stillingane samt at tenesta har hatt stengt 1 dag i veka pga. mindre brukarar i ei periode. I tillegg er det mindreforbruk på inventar og utstyr. I budsjettet har det sidan 2022 vore årleg post til innkjøp av trygghetsalarmar og medisindispensere. Innkjøpa har vorte forsinka, m.a. grunna vurdering av felles innkjøp i regional velferdsteknologigruppe. Det er eit mindre meirforbruk på medisin.

Institusjonstenester

Institusjonstenestene har eit samla netto meirforbruk på lønn + vikarinnelege på rundt kr 860` grunna mangel på vikarar og vakans i stillingar. Dette gjer at det blir brukt fast personell som utløyser overtid, og det er brukt vikarar frå byrå. Det er også eit samla netto meirforbruk på andre driftsutgifter på ca. 450`, dette grunna prisauke på varer og postar som ikkje har budsjett. Dette er kommentert og vil bli justert i neste års budsjett. Prognosen er auka med **kr 1.300`**.

Tekniske tenester

Teknisk drift:

Samla sett ventar vi at området skal gå innan budsjett. Det er enkelte meir- og mindreforbruk der dei viktigaste blir kommentert nedanfor. Prognosen for året er endra med netto mindreforbruk **kr 1.300`**.

Mindreforbruk straum kommunale bygg

Vi la i budsjettet til grunn gjennomsnittleg spotpris på 1,80 kr, medan snittet januar - september har vore 75 øre. Slik det ser ut no vil det vera betydeleg mindreforbruk på straum – kr 2,9 mill. for generaløkonomien per august. Det er usikkert korleis straumprisane utviklar seg resten av året. Dersom vi legg til grunn låg kostnad september (med bakgrunn i svært låg spotpris) og kostnad tilsvarande budsjett for oktober-desember, vil vi få eit mindreforbruk for året på kr 3.600` for generaløkonomien (og 2.400` for sjølvkostområda vatn og avløp).

Meirforbruk på vegvedlikehald

Snømengda vinteren 2022/2023 var og veldig høg, om lag 150% fleire turar vart registrert på Beitostølen januar 2023 samanlikna med januar 2022. Vintervedlikehaldet har hatt meirforbruk siste åra, og budsjetttrauma har vore urealistisk låg i forhold til faktiske avtalar. Prognosen er auka med nær kr 2.300`.

Underskot på sjølvkostområder ut over bunde sjølvkostfond:

Då sjølvkostprognosene for 2023 vart gjennomgått i august d.å., viste dei for enkelte område underskot som er høgare enn tilhøyrande sjølvkostfond. Den delen av underskotet som ikkje kan dekkast av fondet, vil i tråd med regnskapsreglane vise som kostnad i kommunen sitt rekneskap og bli mellombels finansiert av «generaløkonomien» - fram til gebyrinntektene er tilstrekkeleg høge til å dekke inn att

underskotet. Dette er ein litt ny situasjon for kommunen, då vi tidlegare har hatt fond til å balansere ut underskot og overskot det enkelte år. Sjå nedanfor for avløp og næring plan og byggesak, som kan gje underskot ut over fond.

Teknisk drift - Avløp

Sjølvkostkalkylen for avløp for 2023 som vart oppdatert i august d.å., viste underskot på ca. kr 1.300` ut over sjølvkostfondet. Område med høge investeringar har fått auka rentekostnad som følgje av renteauke dette året (renta ligg no på 4,47% for sjølvkostområda 2023) . Gebyra for 2023 vart sett lågare enn kostnadsnivået tilsa, nødvendig gebyrauke vart spreidd over fleire år. Det vart ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til at det ville gje underskot på avløp i 2023 i driftsbudsjettet. Straumkostnadene har vore vesentleg lågare enn budsjett spesielt no i haust, slik at vi no håpar at vi kan unngå underskot til framføring på området.

Næring plan og byggesak

Gebyrinntektene for private planforslag, byggesak og eigarseksjonering er vesentleg lågare enn budsjettet så langt i 2023, samstundes som ressursbruken har vore om lag som planlagt. Prognosen er auka med kr **1.800`**, men er usikker.

- For private planforslag er det mindreinntekter p.t. på kr 880`. Det er nedlagt mykje arbeid med fleire større plansaker siste år og tidlegare. Fakturering kan fyrst skje når sakene nærmar seg ferdig. Avdelinga ligg etter med fakturering, men arbeider med å utarbeide faktureringsgrunnlag slik at vi skal bli ajour innan årets utløp. Det er p.t. usikkert kor mykje som skal fakturerast.
- For byggesak og eigarseksjonering er det per 6.10. fakturert 1 mill. mindre enn årets budsjett. Vi reknar med mindreinntekter for året, som følgje av at tal på inkomne saker har falt vesentleg dette året. Samstundes har avdelinga brukt ressursar på området for å koma ajour med etterslepet av saker, opplæring av nyttilsett, og ulovlegheitsoppfølging. Det kan medføre meir inntekter ut over hausten, men neppe i den størrelsesorden som er budsjettet.

Det er dette året inngått ny avtale om veterinærvakt med Valdres Veterinærsenter og kommunane Nord-Aurdal og Sør-Aurdal, som utgjer vaktområdet. Den tidlegare avtalen gjekk ut, og ny avtale vart framforhandla, der kommunal kompensasjon vart lagt inn. Avtalen tiltrer med verknad frå 1.7.2023, med ca. 170` per år, dvs. ca. 85` i 2023. Beløpet var ikkje budsjettet.

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor fylgjer rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

Finansplasseringar:

Per 2.tertial 2023 (medioi september) har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot 125 mill. kr er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Hovudbankavtala er inngått for 6 år sidan, og vurderinga er at den har gjeve grei avkastning, ut frå at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Vi har rentemargin på 0,25 %-poeng. Føremålet med plassering er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og eigardelar med bokført verdi kr 52,7 mill., der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Dei langsiktige plasseringane er gjort etter politiske vedtak. Det er ikkje gjort endringar i langsiktige plasseringar i 2023. Vi syner til spesifisering i note til årsregnskapet 2022. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 mill. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale (K-sak 33/22). Frå 1.4.2023 er rentesatsen fastsett til 6,52%.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi, og frå Innlandet Energi Holding AS. Frå Valdres Energi har utbytte vore 1,3 - 1,5 mill.kr per år (6-7,5% av lånet). Frå Innlandet Energi Holding har vi fått 1,4-1,5 mill.kr årleg (5-6% av bokført /betalt verdi av aksjane). Det er varsla ekstraordinært høgt utbytte i 2023 som følgje av godt resultat i 2022.

Vurdering i forhold til kommunen sitt finansreglement:

- **Likviditet.** Delmål: Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.

Arbeidskapitalen er 70 mill.kr per 2.tertial 2023 (bankinnskot og kortsiktige fordringar ekskl.premieavvik, som det ikkje følgjer likviditet med enda, fråtrekt kortsiktig gjeld). Kommunen har 50 mill. i ubrukte lånemiddel per 1.1.2023 (som står på bankkonto). Midla skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2022 og som blir gjennomført i 2023. Likviditet til drift (arbeidskapitalen minus ubrukte lånemiddel til investering) er ca. 20 mill. Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande. Vi har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

- **Finansiell risiko.** Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskot.

- **Avkastning på overskotslikviditet.** Delmål: Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.

Kommunen har konkurranseutsett bankavtale og nye lån, og vurderer å ha konkurransedyktige vilkår. Vi har så langt vald å halde dette uendra, av omsyn til likviditet, fleksibilitet og arbeidskapasitet.

Rentene har vore forholdsvis låge men stigande siste år. Vi søker å optimalisere netto renteutgift ved å utsetja låneopptak. Kommunen vurderer at det ikkje har vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Gjeldande finiansreglement set store avgrensingar når det gjeld plasseringsmoglegheiter.

Avkastning langsiktige aktiva. *Delmål: Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Kommunen har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta. Kommunen har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringane. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med kommunen si langsiktige finansielle aktiva.

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av 2.tertial 2023 ei lånegjeld på kr 447 mill. (462 mill. per 1.1.). Det er ikkje teke opp nye lån så langt i 2023. Vi viser til note i årsregnskapet for 2022 og årsrapporten. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Total netto lånegjeld ligg godt over kommunen sin handlingsregel (89,2% mot 75% av brutto driftsinntekter per 2022), men kommunen er litt under handlingsregelen når det gjeld lånegjelda for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) (45,7% mot mål på 50%).

Det har vore låge, men raskt aukande renter siste året. Kommunen er eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta framover.

Vurdering i forhold til kommunen sitt gjeldsforvaltningsreglement:

- **Lågast mogleg totalkostnad for lån.** *Delmål: Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Det er ikkje gjort nye låneopptak i året. Kommunen har ved tidlegare låneopptak spurt to leverandørar. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

- **Finansiell risiko.** *Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi vurderer at det har vore låg finansiell risiko knytt til gjeldsplasseringa.

Kommunedirektøren vurderer at det ikkje er avvik mellom krav i finans- og gjeldsforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Kraftforvaltninga

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 GWh blir seld på kraftbørsen. Krafta har følgjande samansetting: konsesjonskraft 22 GWh, andelskraft 28 GWh og eigenproduksjon i Skoltefoss 2-3 GWh. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar.

Kommunestyret vedtok følgjande reglement for kraftforvaltning (KS-34/22) gjeldande frå 1.1.2023:

- *Kommunen har konsesjonskraft- og andelskraftrettar og eigenprodusert kraft.*
- *Andelskrafta skal seljast i spotmarknaden utan prissikring.*
- *Øvrige kraftrettar skal seljast i spotmarknaden utan prissikring. Ev. kan fastprisavtalar nyttast, om rådmannen og forvaltar ser det tenleg.*
- *Overskot frå kraftsal (etter skatt) skal avsettast til eit eige kraftfond i kommuneregnskapet, fram til fondet utgjør 53 mill.kr.*
- *Kommunen skal årleg inntektsføre i driftsbudsjett og driftsregnskap kr 7 mill. frå kraftfondet, dersom kraftfondet har dekning for denne summen.*
- *Beløpa for årleg inntektsføring og målet for fondet skal indeksregulerast 1.7. kvart år med KPI for siste år per 30.6.*
- *Val av forvaltar bør ta omsyn til referansar når det gjeld kompetanse innan kraftforvaltning og tilhøyrande regelverk og transparens i oppgjer.*

Kommunen må også betale kostpris for krafta vi mottok og sel. Prisen for det meste av kraftmengden blir betalt ut frå sjølvkostberekning frå kraftprodusent. Sjølvkostsprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og (grunnrenteskatt-elementet) avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året. For ein mindre del av konsesjonskrafta blir prisen fastsett sentralt.

Vurdering i forhold til kommunen sitt kraftforvaltningsreglement:

Kraft blir no som hovudregel seld i spotmarknaden, jf. kraftforvaltningsreglementet.

Då kraftforvaltningsreglementet var oppe juni 2022, var allereie mesteparten av mengda for 2023 prissikra (47,3 gWh). I vedtaket står det at tilpasning til nytt reglement skulle skje gradvis frå vedtakspunktet (juni-22) - prissikringsavtaler som er gjort før nytt reglement trer i kraft skal vidareførast så lenge kraftforvaltar og administrasjonen meiner det er den økonomisk beste løysinga for kommunen. I etterkant har kraftforvaltar funne gunstige tidspunkt for å løyse opp i noko av prissikringa. Per april og august-23 er om lag 38,5 gWh prissikra. Det gjer at vi kan følgje spotmarknaden i noko større grad, noko vi 1. halvår vurderte som gunstig, jf. K-sak 35/22 og årsmeldinga for 2022. Det har ikkje vore gode tidspunkt for å løyse ytterlegare opp i prissikringane etter april.

Marknadsprisane har falt vesentleg i haust. Gjennomsnittleg spotpris per 1.tertial er 84 øre/kWh. Det er vesentleg lågare enn i fjor (181 øre) og budsjettet (180 øre), men framleis høgare enn historiske snitt. Gjennomsnittleg spot i september var 11,2 øre.

Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta med netto 7 mill.kr. Det er dette beløpet som blir netto inntektsført i drifta i 2023, dersom det er dekning på kraftforvaltningsfondet og i kraftforvaltnings-

resultat, jf. kraftforvaltningsreglementet. Som omtala under driftsrapporten er prognosane for netto kraftresultat usikkert.

Så lenge honoraret er konkurransedyktig, er det vurdert tenleg for kommunen å fortsetja avtale med Ishavskraft når vi har ein mengde fastprisavtalar gjennom dei. Vi hadde dette ute i marknaden i fjor, og har fornya avtalen for eit år til. Vi har erfart at forvaltar har tilfredsstillande referanser og transparens i oppgjer.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Organisasjon

Sjukefråvær

Kommunen hadde per andre tertial eit sjukefråvær på 11,6 %. Dette er same nivå som etter første tertial, og eit noko høgare nivå enn eit "normalnivå" for kommunen.

